

FORSLAG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGRE UTDANNING

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 5. januar med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høgskoler § 3-6. § 3-7 og § 4-9. Endra ved forskrifter 11. oktober 2017, 30. januar, 23. november 2018.

Det er foreslått endringar i følgjande føreseigner:

Endringane i forskriftsteksten er markert med **feite bokstavar** og ~~stryk~~.

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

§ 2-2. Utanlandsk utdanning

Det er foreslått endringar i andre ledd:

(2) Søkjarar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere bestått utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, jf. sjette ledd, og i tillegg dokumentere kunnskapar i norsk med éin av desse prøvane:

1. Bestått norsk med 393 timar frå vidaregåande opplæring
2. Bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta
3. Bestått eksamen frå 1-årig høgskolestudium i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar
4. Skriftleg **og munnleg** test i norsk, høgre nivå («Bergenstesten»), med minimum 450 poeng eller «bestått» etter ny vurderingsordning f.o.m. hausten 2009
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delferdigheiter, jf. lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for innvandrarar som nyleg er komne til landet (introduksjonslova) § 19 andre ledd.

Det er foreslått endringar i tredje ledd:

(3) Universitetet eller høgskolen kan godta annan dokumentasjon av norskkunnskapar. ~~Søkjarar som til dømes vil dokumentere norskkunnskapar med norsk eller eit anna nordisk språk som morsmål, må normalt dokumentere at dei har hatt opplæring i morsmålet på minst norsk/nordisk grunnskolenivå.~~

Det er foreslått endringar i fjerde ledd:

(4) Søkjarar som har utdanning frå International Baccalaureate (IB), og som anten har teke norsk A ~~eller norsk B~~ på minst lågare nivå («standard level»), **eller norsk B på higher level**, eller som oppfyller krava i tredje ledd, fyller krava til generell studiekompetanse dersom dei i tillegg

1. har oppnådd diplom frå International Baccalaureate (IB), eller
2. har oppnådd IB-Certificate med meir enn 20 poeng og bestått tre fag på lågare nivå («standard level») og tre fag på høgre nivå («higher level»), eller bestått to fag på lågare nivå («standard level») og fire fag på høgre nivå («higher level»). Slike søkjarar kan ikkje ha lågare karakter enn 3. Theory of Knowledge, Creativity, Action and Service og Extended Essay må òg vere bestått.

Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse

*§ 3-8 Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk **og studium i marinteknisk drift***

Institusjonar kan ta opp søkjarar med relevant fagbrev som ikkje fyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagde studium i nautikk **og studium i marinteknisk drift**.

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Det er foreslått teknisk endring i andre ledd:

(2) Engelskspråkleg høgskolekandidatstudium **bachelorstudium** ved MF – vitskapeleg høgskole for teologi, religion og samfunn har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

Det er foreslått nytt tredje ledd:

(3) Engelskspråklege bachelorprogram International Education ved Universitetet i Sørøst-Noreg har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande

§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag

Det er foreslått endringar i trettande ledd bokstav g:

(13) Søkjarar til desse studia og institusjonane må bestå opptaksprøve etter nærmare reglar fastsette ved institusjonen:

- a) Følgjande studium ved OsloMet – storbyuniversitetet
 - Fotojournalistutdanning
 - Produktdesignutdanning
 - Bachelorstudium i tolking i offentleg sektor
- b) Animasjon ved Høgskulen i Volda
- c) Industridesign ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- d) Studium ved Steinerhøgskolen
- e) Smykkedesign ved Universitetet i Agder
- f) Film- og fjernsynsutdanning ved Høgskolen i Innlandet
- g) Følgjande studium ved Høgskolen Kristiania
 - Bachelor i Art Direction
 - Bachelor i Experience & Event
 - Bachelor i Grafisk design
 - Bachelor i Retail Design
 - Bachelor i tekst og skribent
 - Bachelor i film og TV
 - Bachelor i lys for scene
 - Bachelor i manus
 - Bachelor i maske- og hårdesign
 - Bachelor i lyddesign
 - Bachelor i spilldesign
 - Bachelor i visual effects
 - Bachelor i låtskriving og produksjon
 - Bachelor i digital markedsføring
 - **Bachelor i interiørarkitektur**
 - Årsstudium i musikkproduksjon

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-2. Kvote for førstegongsvitnemål:

Det er foreslått endringar i første ledd:

(1) Kvote for førstegongsvitnemål omfattar søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring etter føreseger fastsette i forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. ~~Kvoten omfattar òg søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har oppnådd generell studiekompetanse på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag som er fullførte og bestått på normal tid, i tillegg til at dei oppfyller fagkrava i § 2-1~~

Det er foreslått nytt andre ledd:

(2) Kvoten omfattar òg søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring, men som i tillegg har fått utferda kompetansebevis med Matematikk R2 bestått i løpet av normaltida.

Det er foreslått nytt tredje ledd:

(3) Kvoten omfattar òg søkjarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har oppnådd yrkeskompetanse på normal tid på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag og som har fått utferda nytt vitnemål som gir generell studiekompetanse seinast eitt år etter fullført yrkesfagleg opplæring.

I resten av føresegna må nummereringa endrast:

(4) Søkjarar i kvoten for førstegongsvitnemål skal rangerast på grunnlag av føresegnene i § 7-5, § 7-8, § 7-9 eller etter § 7-13 og § 7-14.

(5) 50 prosent av studieplassane skal tilbydast søkjarar i kvoten for førstegongsvitnemål.

(6) Søkjarar som fyller kriteria for opptak i kvoten for førstegongsvitnemål, men som ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer vidare i ordinær kvote.

(7) Departementet kan frita enkelte studium frå kravet om kvote for førstegongsvitnemål

§ 7-4. Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering:

Søkjarar som fyller krava til generell studiekompetanse **på fleire måtar både som 23/5-søkjarar og på grunnlag av 3-årig vidaregåande opplæring eller tilsvarande**, jf. §§ 2-1, **2-2 og 2-4**, skal poengbereknast etter ~~begge desse alle~~ grunnlaga for rangering. ~~Ved rangering som 23/5-søkjar kan det for desse søkjarane inngå fag frå beståtte vitnemål eller kompetansebevis som er nødvendige for at søkjaren skal vere kvalifisert for eit studium, og fag som kan gi tilleggspoeng.~~ Lærestaden skal bruke den poengberekninga som gir høgast rangering.

§ 7-5, samanstilling av § 7-5 og § 7-6 (og noko frå § 7-4):

§ 7-5. Karakterpoeng

(1) Grunnlaget for rangering er det same som grunnlaget for kvalifisering. Fag som gir tilleggspoeng kan tas med i rangeringa. Rangering skjer ved berekning av poeng. Karakterpoeng er gjennomsnitt av talkarakterar, med to desimaler, multiplisert med 10.

(2) Departementet eller den institusjonen departementet gir fullmakt, kan fastsetje omrekningstabellar for søkjarar med anna utdanning enn norsk vidaregåande opplæring.

(3) For søkjarar med vitnemål frå norsk gymnas med bokstavkarakterar gjeld fastsett omrekningstabell, jf. § 9-2.

§ 7-6. Karakterpoeng for 23/5-søkjarar

~~(1) Karakterpoenga skal reknast ut på grunnlag av dei faga som dekkjer generelle og spesielle opptakskrav, og dei faga som gir tilleggspoeng.~~

~~(2) Karakterpoenga skal reknast ut som gjennomsnittet av alle talkarakterar med to desimalar, multiplisert med 10. For fellesfag skal berre karakter(ar) på høgaste nivå inngå i berekninga av karakterpoeng.~~

~~(3) Søkjarar som tilfredsstiller eitt eller fleire generelle eller spesielle fagkrav for opptak på grunnlag av anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar enn faga som er bestått i norsk eller nordisk vidaregåande opplæring, skal rangerast etter § 7-12.~~

§ 7-6 opphevast

§ 7-7 karakterforbetringar:

§ 7-7. Karakterforbetringar

(1) Ved berekning av karakterpoeng utanom kvoten for førstegongsvitnemål skal karakterforbetringar erstatte tidlegare karakter(ar) i same faget.

~~(2) Søkjarar som får utferda førstegongsvitnemål etter to år i vidaregåande opplæring, kan bruke det påfølgjande året til eventuelle karakterforbetringar og framleis bli vurderte i kvoten for førstegongsvitnemål, jf. § 7-2.~~

Kapittel 9 Overgangsreglar

§ 9-9 Generell studiekompetanse etter tidlegare ordningar

Det er foreslått nytt punkt (11):

1. Søkjarar som våren 2020 eller tidlegare har utdanning frå International Baccalaureate (IB), og som anten har teke norsk A eller norsk B på minst lågare nivå («standard level»), eller som oppfyller krava i tredje ledd, fyller krava til generell studiekompetanse dersom dei i tillegg fyller krava til generell studiekompetanse dersom dei i tillegg
2. har oppnådd diplom frå International Baccalaureate (IB), eller
3. har oppnådd IB-Certificate med meir enn 20 poeng og bestått tre fag på lågare nivå («standard level») og tre fag på høgre nivå («higher level»), eller bestått to fag på lågare nivå («standard level») og fire fag på høgre nivå («higher level»). Slike søkjarar kan ikkje ha lågare karakter enn 3. Theory of Knowledge, Creativity, Action and Service og Extended Essay må òg vere bestått.